

Her ser du "pasienten" og Dr. og lese om vår ^{folke} kjære Dr. Franck.

SUNNMØRSPOSTEN • Torsdag 7. mai 1992

du kan sende dette tilbake til **lo**



Takk for all hjelp og stå deg vel, helsa 83 år gamle Marie Bøen frå Ulla då doktor Franck var innom henne siste arbeidsdagen sin på Haramsøya.

Farvel med folke- kjære dr. Franck

– Det er klart det er leitt å reise frå Haram. Men bråket om husleiga har gjort avskjeden litt lettare, seier kommunelege Ivar Gram Franck. Etter 24 år som lege for Haramsøy, Lepsøy, Fjørtoft og Longva, lesser han flyttebilen og flyttar til

og den folkelege stilen. Onsdag var siste arbeidsdagen i Austnes helse-senter, som har heildekkande tilbod som i tillegg til lege, tannlege og bærerom også hyser Jehovas Vit-ner.

Onsdag var det siste arbeidsdag med marsipankake frå gode vener til lunsj. Etterpå var det fest for han på aldersheimen. På venterromet sat sjuke og friske i lett blanding for å seie skikkeleg adjø til doktoren og kona Ingeborg, som også arbeider

nesta som bilen i dette øyriket, men han har ingen dramatiske sjuke-kyss-historier å kome med. Han synest det var meir effektivt før, då distriktslegen hadde kontordag og ikkje kontortid og legekonene var ubetalt vaktsentral heime. No sit helsepersonell i alt for ofte i møte med kvarandre – så mykje at det går ut over kontakten med pasientane, meiner han.

Han har likt seg svært godt på øyane, forsikrar han og gler seg så

Larvik.

Kjetil Tandstad
Mattis Thoresen(foto)

Han flyttar ikkje i protest mot plutselig dobling av den kommunale husleiga, sjølv om han meiner slikt er dårleg politikk i ein kommune med legemangel. Heller ikkje på grunn av trugsmålet om etterlikning av fordelene av låg husleige, som likningskontoret meiner er frysegode.

Flyttinga har vore planlagt lenge og utsett ofte. No må det skje, medan han framleis er ung nok til å skifte beite, meiner han. Og huset i Anemonevegen i familiens ferieparadis Larvik, er det naturlege valet. Men han synest likevel det er sårt å reise frå øyfolket med ei flau kjensle av å nesten bli sett på som ein slags skattesvikar.

– Det kan godt vere sagt, seier han. Men skriv for all del ikkje eit vondt ord om «ordførkja», ordførar Margrethe Tennfjord. Ho er prima, legg han kvikt til.

For sjølv om han gjerne seier frå, så er han ikkje typen til å etterlate seg fiendar, den populære kommunenelegen med den kvikke replikken

på legekontoret. Utan forkleinelse for nokon, men han Franck får vi aldri maken til, seier dei.

For doktoren som reiser, kan med handa på hjartet seie at han kjenner namnet på kvar einaste innbyggjar i distriktet sitt og kan opplyse dei om kven dei er i slekt med. Han Franck stikk gjerne innom og spør korleis det står til med gutungen som har influensa, sjølv om ingen har sendt bod etter lege. Då ei fødande kvinne kom heim til han under orkanen på nyttårsnatta og lyset gjekk samstundes med fostervatnet, tende moder alle lys og doktoren tok imot ungen i skinet frå juledekorasjonane.


Ivar Gram Franck kom til kystfolket som blodfersk turnuskandidat frå Bærum – kona Ingeborg er oppvaksten i ei fjellbygd i Trøndelag. Begge kom straks på bølglengde med øybuarane, som set pris på ein kvikk replikk. På Fjørtoft var det felles telefon for banken og legekontoret. Er det banken? spurde somme i telefonen. – Nei, det er Francken, svara legen – og då visste både pasientar og bankkundar straks om dei hadde kome rett.

Skyssebåten har nok vore ein vel så viktig framkomstmiddel i legete-

smått til å reise på ferie til Haramsøy. Øyfolket ringer han ikkje om natta for bagatellar, men ventar til kontortid om det ikkje er livet om å gjere. Så har det heller aldri vore ventetid på legekontoret på Haramsøya. Han synest ungane har hatt eit flott oppvekstmiljø. Med tre fotballspelande søner, har han fått ta sin tårn som ballgut og sjåfør for gutelaget.

Han aksepterer slett ikkje at han har vore landets billegaste lege, slik våre tipsarar frå Haramsøya ville ha det til. Om så er, har det i alle fall ikkje vore for å vere snill. Han har berre aldri fiksa heilt det der med økonomien. Han må vedgå at han ofte har ofte har operert med svært forelda satsar. Mellomlegget som pasienten skal betale, har han gjerne berre kravd inn like etter at han kvart år blir overraska av restskatten.

– Restskatten må vi ha snakka ein god del om då ungane var små. Eitt år grov dei i alle fall opp potetene våre frå åkeren i hagen. Så sette dei seg i vegkanten og skulle selje dei til inntekt for pappa, distriktslegen, som hadde fått baksmell på skatten, minnest han.



Blodtrykket er prima, forsikrar doktor Franck til matros Hans Farstad frå Lepsøya, som er klar for ein ny tur til sjøs og hadde bruk for helseattest.